

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Stryn kommune

Utval: Kontrollutval - Stryn kommune
Møtedato: 08.05.2014
Møtetid: 9.00 **MERK TIDSPUNKTET!**
Stad: Møterommet – 3044
Møtenr.: 3/2014
Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Revisor i sakene 17 og 18.
Rådmann og evt økonomisjef i sak 17.
Jørn Ola Svingeset vert kalla inn som vara til møtet.
(Forfall frå Aud Jorunn Hool Egge og 1. vara Terje Solvang).
Melding til: Ordførar (møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og vara
(vert innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf 975 81 418.


SAKLISTE

15/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
16/14 Skriv og meldingar
17/14 Kommunerekneskapen 2013 – Stryn kommune
18/14 Forvaltningsrevisjon – Bekymringsmeldingar i barnevernet – oppfølging
19/14 Oppfølgingsliste
20/14 Eventuelt

Det er tinga mat til kl 10.00.

Stryn, 30.4.2014

Rune Myklebust (s)
Leiar



Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer	Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554 3705.08.32571

15/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Stryn		15/14	Ja

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

16/14 SKRIV OG MELDINGAR

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Stryn		16/14	Ja

Vedlegg:

SM 05-14: Skatteetaten: Kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Stryn kommune (kopi til kontrollutvalet)

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:



Skatteetaten

Sakshandsamar
Oddmund Midtbø

Telefon
99 16 62 32

Dykkar dato

Dykkar referanse

Vår dato

Vår referanse

14. februar 2014

2013/149136

Kommunestyret i Stryn kommune
Tonningsgata 4
6783 Stryn

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Stryn kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatteregnskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følge skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
2,7	2,6	2,6

Postadresse
Njøsavegen 2

6863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.no

Besøksadresse
Se www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000

Sentralbord
800 80 000

Telefaks
51 91 73 01

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Stryn kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 762 131 009 og uteståande restansar² på kr 15 669 439, av dette krav stilla på vent kr 326 519. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Stryn kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattyttarar 2011	14,4	93,5	94,3	98,5	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	139,4	99,7	99,8	99,7	99,9
Forskotskatt personlege skatteyttarar 2012	47,7	99,2	98,8	99,0	99,3
Forskotstrekk 2012	344,0	99,8	99,9	99,9	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteyttarar 2012	83,6	100,0	99,6	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattyttarar 2011	17,9	98,1	98,5	97,8	92,7

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultat for skatteoppkrevjarkontoret per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids- gjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
438	22	19	4,3	3,0	4,9	4,2

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 22. mars 2013.

Skattekontoret har i 2013 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

5. Resultat av utført kontroll

- Intern kontroll**

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

- **Regnskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at reknskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i reknskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkreving**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- **Arbeidsgjevarkontroll**

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 4,3 % kontrollar mot eit krav på 5 %.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 10. april 2013.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Stryn kommune
- Skatteoppkrevjaren for Stryn kommune
- Riksrevisjonen

17/14 ÅRSREKNESKAPEN 2013 – STRYN KOMMUNE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Stryn	8.5.14	17/14	Nei
Formannskapet			
Kommunestyret			

Vedlegg:

Utkast til fråsegn frå kontrollutvalet

Revisjonsberetning

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Årsrekneskap (sendt direkte frå Stryn kommune)

Årsmelding (sendt direkte frå Stryn kommune)

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Stryn kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord har ikkje merknadar eller presiseringar i høve rekneskapen for 2013. Frå revisjonsmeldinga:

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Det største uavklara momentet knytt til rekneskapen går etter sekretariatet si meining på udekka beløp frå investeringsrekneskapen. Her er det eit udekka beløp på kr 15 mill i 2013 og akkumulert på kr 50 mill (reduisert frå 64,8 i 2012). I framlegget til fråsegn er dette omtala og vi syner til note 18 til rekneskapen. Det kan vere aktuelt å ta dette opp som eiga sak seinare på året for at utvalet kan halde seg orientert om framdrifta og sikre at denne balanseposten vert rydda.

Som det går fram av rekneskap og årsmelding, er det eit mindreforbruk på 10,8 millionar i driftsrekneskapen. Det er kommunestyret som fastset korleis dette skal disponerast. Likeeins er det kommunestyret som fastset inndecking for udekka beløp i investeringsrekneskapen.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

UTKAST

Til
Kommunestyret i Stryn

Stryn 8.5.2014

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR STRYN KOMMUNE

Årsrekneskapen 2013 for Stryn kommune er handsama i kontrollutvalet i Stryn 30.4.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 30.4.2014.

Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 10,8 millionar. Det er kommunestyret som gjer vedtak om disponering av resultatet. Dei 3 etatane og sentraladministrasjonen hadde alle mindre netto forbruk enn budsjettet. Rådmannen si årsmelding gjer greie for avvika.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka beløp på kr. 15 mill. Akkumulert udekka beløp i investeringsrekneskapen utgjer pr. 31.12.2013 kr 50 mill mot kr. 64,8 mill ved førre årsskifte. I note 18 til rekneskapen går det fram at beløpa må dekkast inn i 2014. Tilsvarande formulering har vore brukt i note for åra 2010 – 2012. Det er viktig at det blir prioritert å rydde opp i balanseposten for udekka i investering. Det må leggst fram eigne saker for prosjekt med overskriding av kostnadsramme og / eller manglande finansiering, slik det er skrive i note 18.

Jf note 16 til rekneskapen, har kommunen si samla langsiktige gjeld auka frå 325 mill til 375 mill i løpet av 2013.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Stryn kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Rune Myklebust
-leiar-

Rasmus Guddal

Oddvar Bergset

Otto Rune Vik

Jørn Ola Svingseset

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer		Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554	3705.08.32571

KOMMUNEREVISJONEN I NORDEFJORD

Til
Kommunestyret i Stryn kommune

Kopi til:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen
Økonomisjefen

Revisjonsmelding 2013

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen 2013 for Stryn kommune, som er samansett av balanse per 31.12., driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar. Driftsrekneskapen viser kr 373 777 249,79 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 10 809 742,54.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
------------------------	---	---	---	--

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, 30.04.2014



Markvard Sunde

Revisjonssjef



Haldor Sunde

Revisor

18/14 FORVALTNINGSREVISJON – BEKYMRRINGSMELDINGAR I BARNEVERNET - OPPFØLGING

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Stryn	8.5.14	18/14	Ja

Vedlegg:

Notat frå Kommunerevisjonen i Nordfjord ved Markvard Sunde

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

I møte den 7.4.14, fekk revisor i oppdrag å utgreie saka til neste møte, før kontrollutvalet tek avgjer i saka. Vi legg ved revisor sitt notat om saka.

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

NOTAT

Stad og dato:

Stryn, den 7.4.2014 – 30.04.2014

Vår sakshandsamar:

Markvard Sunde

Dykkar dato:

Notat om system for bekymringsmeldingar i barnevernet i Stryn kommune

Til møtet i kontrollutvalet den 7. april 2014 låg det frå SEKOM-sekretariat føre sak om tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet;

Bekymringsmeldingar i barnevernet

Helse- og sosialsjef Berit Wetlesen orienterte om organiseringa av arbeidet i barnevernet og litt om resultat m.o.t. tidsfristar og kvalitetsmål. Kommunen er med i fleire samarbeid i Nordfjord, som eit fagsystem i Visma og Kvalitetslosen. Ho viste til fleire rutinar som ligg dokumenterte i K-losen.

BW la også fram KOSTRA-tal som viste svært positive tal for Stryn med tanke på økonomi – det vil seie låge utgifter til barnevern, både samla og per barn.

Eg orienterte litt om at vi i revisjonen hadde lufta nokre tankar om å sjå på:

- samhandlingsrutinar
- SSB-statistikk – korleis ligg Stryn an i høve til landet og fylket
- barne- og likestillingsdepartementet har gitt ut ein vegleiar om samarbeid i barnevernet
- informasjonsutveksling m.o.t. teieplikt og opplysningsplikt

Etterpå vart det snakka litt om korleis prosjektet kan leggst opp m.t.p. spørsmål som skal svarast på i prosjektet. Det vart gitt uttrykk for at orienteringane gir grunnlag for å meine at rutine i administrasjonen på området er gode, og at det vart stilt spørsmål om det kan vere bortkasta ressursar å gjennomføre prosjektet som forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet konkluderte med at **kontrollutvalet ønskjer at vi i kommunerevisjonen gjer ein førebels analyse av området i samråd med helse- og sosialsjefen og rapporterer til kontrollutvalet i neste møte i utvalet.** Deretter vil kontrollutvalet vurdere på nytt om prosjektet skal gjennomførast.

.....
Notert 14.04.2014:

Dokument motteke frå helse- og sosialsjefen:

- statistikk over bekymringsmeldingar i barnevernet i Stryn for åra 2010, 2011, 2012 og 2013
- statistikk frå Statistisk Sentralbyrå over prioritering, dekningsgrader og produktivitet samanlikna med nordfjordkommunane, KOSTRAgruppe 10, Sogn og Fj. Fylke og landet utan Oslo for åra 2012 og 2013

Org.nr:
976 304 470

E-postadresse:
revisor@stryn.kommune.no

Kommune:
EID
GLOPPEN
HORNINDAL
SELJE
STRYN
VÅGSØY

Adresse:
Rådhusvegen 11
Grandavegen 9
Postboks 24

Tonningsgata 4
Postboks 294

6770 Nordfjordeid
6821 Sandane
6761 Hornindal
6740 Selje
6783 Stryn
6701 Måløy

Telefon:
57 88 58 87
57 00 92 64
57 87 98 08
97 99 04 26
57 87 48 18 -19
57 84 50 29

- Dokumentasjon på rutine for bekymringsmelding innlagt i Kvalitetslosen
- Dokumentasjon på rutine for undersøking i barneverntenesta innlagt i Kvalitetslosen
- Dokumentasjon på rutine for avslutning etter undersøking og avslutning av sak
- Brevmaler for førespurnader til andre offentlege organ om opplysningar i medhald av lov om barneverntenester § 4-3 jf § 6-4

Notert 30.04.2014:

Eg har sett gjennom mottekne dokument. Opplysningane som går fram av framlagt statistikk og dokumentasjon bekreftar at kommunen har gode rutinar og er på bra nivå samanlikninga med andre.

Det er likevel eit «avvik» i statistikken som eg finn grunn til å stille spørsmål ved:

I statistikken frå SSB framgår at «brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak» innan funksjonane 251 Barnevernstiltak i familien og 252 Barnevern utanfor familien er svært låge i Stryn:

År	Stryn	Eid	Gloppen	Vågsøy	S&Fj	Landet
2012	39 314	204 986	87 597	183 085	123 945	123 191
2013	68 627	200 086	101 596	183 458	103 972	137 247

Det framgår elles av statistikken at Stryn er ein av to kommunar i Nordfjord som har «system for brukerundersøkelser i barneverntjenesten», og at slik ikkje har vore gjennomført verken i 2012 eller 2013. Tala i statistikken ovanfor kan etter mi meining gje kontrollutvalet grunn til å **spørje helse- og sosialsjefen om å gjennomføre:**

ein brukarundersøking med tanke på å få fram svar på, om barnevernstiltaka som er iverksette i og utanfor familiane er tilfredsstillande

Kven som skal spørjast i undersøkinga må bestemmast i samråd med helse- og sosialsjefen/kan evt vere avklara i «system for brukerundersøkelser».

19/14 OPPFØLGINGSLISTE 3-2014 – STRYN

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Stryn		19/14	Ja

Vedlegg:

Oppfølgingsliste 3-2014

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Oppfølgingsliste 3-2014 vert teken til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

Oppfølgingsliste 3-2014 - Stryn.

Status for saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Stryn kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker frå førre møte vert ståande som informasjon til etter neste møte.

013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.10		25.11.10 KU vedtak -- - Det vert innført ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen. - Det vert innført ordning med å leggje tertialrapportar fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Det vert innført ordning med å leggje tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å leggje fram rapportar etter kvalitetskontrollar i høve til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon i Stryn kommune fortløypande. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.
021/12 Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Økonomireglement Stryn kommune	14.06.12		14.06.12 Vedtak KU Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført. 15.06.12 – Brev til kommunen.
033/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt -- drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging.	23.11.12		23.11.12 vedtak KU: -Tingsdokumentet med avgrensingar for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse" vert godkjent. -Tingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering. 08.12.12 Tinging sendt til KIN
004/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune – Prosjektplan.	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU: - Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn." vert godkjent.
018/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune .	10.02.13		Vedtak: Vi viser til revisjonsrapporten " Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune ", datert september 2013. Kommunen har eit godt system for identifisering av behov og utføring av vedlikehald. Administrasjonen innarbeider gjennom delrapporten for bygg og eigdomsavdelinga stoda i vedlikehaldet av bygningsmassen i Stryn kommune. Denne delrapporten vil vere grunnlag for kommunestyret sin vurdering av behovet for vedlikehald av bygningsmassen. Kommunestyret sak 074/13,vedteke 23.10.2013
06/14 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt	10.02.14		Vedtak: Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet: 3. Bekymringsmeldingar i barnevernet. SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.

			7.4.2014 KU-sak 12/14: Kommunerevisjonen i Nordfjord får i oppdrag å utgreie saka til neste møte, før kontrollutvalet tek avgjerd i saka. 8.4.2014 E-post til kommunerevisjonen med vedtaket i ku-sak 12/14. Frist for tilbakemelding til SEKOM 16.5.
08/14 Eventuelt	10.02.14		Vedtak: Kontrollutvalet ynskjer at revisor førebur ei orientering om revisjonsarbeidet på møte 7. april. 11.2.2014 sendt e-post til Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Markvard Sunde 7.4.2014 KU-sak 11/14: Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Markvard Sunde og Haldor Sunde møtte og informerte om finansiell revisjon for rekneskapsåret 2013, og det vart levert ut notat om dette i møtet. Kontrollutvalet sitt vedtak: Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
09/14 Godkjenning av innkalling og sakliste	07.04.14		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.
10/14 Skriv og meldingar	07.04.14		Vedtak: Kontrollutvalet vel å ikkje delta på fagkonferansen til FKT i Haugesund, men vurderer å få til anna opplæring, gjerne saman med andre kontrollutval. Skriv og meldingar vert elles teke til vitande.
13/14 Oppfølgingsliste 2-2014 Stryn.	07.04.14		Vedtak: Oppfølgingsliste 2 – 2014 Stryn vert teke til vitande.
14/14 Eventuelt	07.04.14		Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 8.4.14 ARH

20/14 EVENTUELT

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Stryn	8.5.14	20/14	Ja

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK: